



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy,

Tildelingsbrev - Regional ordning for kompetanseheving i barnehagane 2019

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 428 040** til Nordhordland kompetanseregion v/ Lindås kommune organisasjonsnummer 935 084 733 og kontonummer 3201 05 89311, merka «Regional kompetanseheving i barnehagar for deltaking i den regionale ordninga for kompetanseutvikling».

Grunnlaget og føringar for tildelinga

Den regionale kompetanseordninga er regjeringa si satsing på kompetanseutvikling i barnehagane. Bakgrunnen for ordninga er mellom anna at det er dokumenterte skilnadar i barnehagetilbodet. Ein viktig føresetnad for å sikre god kvalitet i barnehagetilbodet til alle barn, er at barnehagane har den kompetansen det er trong for. Barnehagar kan ha behov for kompetanseutvikling på eit område, og samstundes ha gode kvalitetar på andre. Då er det viktig å løfte kvaliteten og utvikle kompetansen innanfor dei områda barnehagane har eit behov. Den samla tildelinga til Vestland fylke i 2019 er på kr. 19 680 000,-.

Barnehagebasert kompetanseutvikling er hovudtiltaket i ordninga, og kr 13 776 000,- skal nyttast til dette. Regionalt samarbeidsforum har bestemd at denne summen blir delt likt mellom universitets- og høgskolesektoren (UH) og prioriterte barnehagar.

Regionalt samarbeidsforum har bestemd at kr 5 904 000,-, vert delte ut til regionane og nytta til eit eller fleire av desse føremåla:

- Barnehagefagleg grunnkompetanse
- Kompetanseheving for fagarbeidarar og assistentar
- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Midlar som legg til rette for lokale prioriteringar
- Fagseminar og nettverksarbeid knytt til den regionale ordninga



Tildelinga baserer seg på tal årsverk i barnehagane i kvar region. Private og kommunale barnehagar deltek likt i planlegging og bruk av midlane.

Rapportering

Vi legg ved rapporteringsskjema for de tildelte midlane i 2019. Rapporteringsfrist er 10. januar 2020. I rapporteringa skal regionen sin bruk av midlane gå fram.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av det kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege
seksjonsleiar

Atle Baaserud
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Rapporteringsskjema